




VISJONEN VÅR:

Forsvarleg utvikling gjennom effektivt tilsyn,  
sikker kontroll og god service.



Kvinne m/appelsinhud, av Oddvar Torsheim.



## Innhold

|  |    |
|--|----|
| Endeleg avklaring i automatmarknaden             | 4  |
| Mange mindre stiftelsar avviklar                 | 6  |
| Kampanjestart i travelt arbeidsår                | 8  |
| Ny forskning skal gi nye svar om speleåtferd     | 9  |
| Tre av ti leverte rekneskap elektronisk          | 10 |
| Poker og nettspel krev ressursar                 | 11 |
| Mykje arbeid med det nye registeret              | 12 |
| Jamn kjønnsfordeling                             | 13 |
| Kontrollarbeid i eige hus                        | 14 |
| Effektivt setelforbod, problematisk veksleforbod | 15 |
| 230 000 nordmenn spelte på nettet i 2006         | 16 |
| Mindre omsetning i regulert pengespelmarknad     | 18 |
| Færre ringde Hjelpelinja etter setelforbodet     | 22 |
| Satsar på team                                   | 23 |
| Tunge internasjonale verv                        | 23 |
| Rekneskapen for 2006                             | 24 |
| Multikunstnaren Oddvar Torsheim                  | 26 |

*Framsdebilete:*  
*Mistanke om seks-klubb i Sogn II,*  
*av Oddvar Torsheim*

## Endeleg avklaring i automatmarknaden

**I 2006 fekk vi endeleg ei avklaring av kva som skal skje med marknaden for gevinstautomatar. Dagens marknad forsvinn uansett kva som blir utfallet av saka som er oppe til doms i EFTA-domstolen.**

For alle som er inne i automatmarknaden var det greitt å få ei avklaring på øvste politiske hald. Så får tida vise om vi skal forvalte og kontrollere ein ny automatmarknad, og korleis den eventuelt blir utforma. For Lotteritilsynet blir det uansett ei viktig oppgåve å følgje med kva som skjer i lotteri-marknaden når dagens automatar forsvinn frå 1. juli 2007. For her er det mykje pengar som kan komme til å ta nye løp.


I det høvet vil eg gjerne understreke at vi har hatt ein tett og god dialog med automat-entreprenørane om endringar som er innført i marknaden. Eg tenkjer mellom anna på gjennomføringa av forbodet mot å bruke pengesetlar på automatane frå 1. juli, og andre endringar som bransjen lojalt har følgd opp mot slutten av året.

Innføringa av setelforbodet viste seg elles å bli ei svært effektiv reform. Statistikk frå Lotteritilsynet viste at omsetninga siste halvår gjekk ned med rundt 40 prosent samanlikna med året før.

Arbeidet med å etablere det nye Stiftelsestilsynet tok sjumilssteg i 2006. Ved årsskiftet var talet på registrerte stiftelsar kome opp i rundt 5000 og vi vonar at vi i løpet av første kvartal i 2007 har fått full oversikt over heile stiftelses-Noreg. Dermed vil også fokus dreie meir mot aktivt tilsynsarbeid.



*Direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet.*



Stiftelsar utgjer ein stadig viktigare arena der store verdiar blir forvalta til beste for svært mange gode føremål. I løpet av året har Stiftelsestilsynet bygt opp kompetansen, og har rekruttert folk som har gått til oppgåvene med stort engasjement.

Avdeling for Info og speleåttferd hadde fleire store og offensive oppgåver i 2006. I mai opna ein nasjonal haldningskampanje som Lotteritilsynet lei, der målet er at færre i framtida skal utvikle pengespelproblem. Kampanjen er ein del av oppfølginga av «Regjeringens handlingsplan mot pengespillproblemer» som vart vedteken i 2005.

Avdelinga starta også arbeidet med å følgje opp befolkningsundersøkinga som SIRUS laga for Lotteritilsynet i 2002 (publisert i 2003). Valet av samarbeidspartner fall denne gongen på SINTEF Helse. Forutan å vere Europas fjerde største forskingsstiftelse, har SINTEF også eit sterkt kompetansemiljø som vi ser fram til å samarbeide med.

Overvaking av fjernspel krev framleis mykje ressursar. Med lotteriloven og pengespilloven i hand har Lotteritilsynet ganske effektivt klart å stoppe ulovleg marknadsføring av pengespel på nettet. Vi ser framleis ein omsetningsvekst i slike fjernspel, sjølv om veksten i 2006 flata litt ut samanlikna med dei føregåande åra då brutto omsetning om lag dobla seg kvart år.

Men vi veit at teknologien blir stadig meir grensesprengjande. Det er ei stor utfordring for oss som regulatør at speleportalane blir mobile og meir tilgjengelege for folk flest. Difor vil vi halde fram med å ha sterkt fokus retta mot fjernspel.

Dei statlege speloperatørane, Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, ligg begge langt framme teknologisk. I løpet av året flytta Lotteritilsynet si kontrollavdeling ut av Norsk Tipping sine lokale, og inn i moderne lokale i Statens Hus på Hamar. Det trur eg på sikt vil vere sunt for begge partar.

Lotteritilsynet hadde også i 2006 ein tett og god dialog med begge dei statlege aktørane som leverer monalege bidrag til samfunnsnyttige formål.

Avdeling Adm og IT hadde i året som ligg bak oss ein viktig og krevjande jobb med å byggje opp det nye Stiftelsesregisteret. Denne registerutviklinga driv vi i tett samarbeid med Brønnøysundregistrene og Statens innkrevjingsentral.

Atle Hamar  
Direktør



Atle Hamar (t.v.) vart vald til chair i IAGR under konferansen i Barcelona hausten 2006.



## Mange mindre stiftelsar avviklar

**Ved årsskiftet 2006/07 var om lag 5000 stiftelsar frivillig innmelde i det nye Stiftelsesregisteret. Arbeidet med å oppdatere registeret vil venteleg vere fullført i løpet av første kvartal 2007. Målet er å ferdigutvikle registeret og ha det i drift frå 1. juni 2007.**

Bestemmelsane i stiftelsesloven av 15. juni 2001, med bl.a. etableringa av Stiftelsesregisteret, har ført til ei vesentleg sanering av mindre stiftelsar og legat rundt om i landet. Det skjer ved at ein del blir avvikla, medan andre blir slegne saman i større einingar. Difor er det klart at talet på stiftelsar i registeret vil komme til å bli lågare enn dei ca. 8000 som var det første overslaget. Ved utgangen av 2006 tyder mykje på at talet på registrerte stiftelsar kan bli liggjande ein stad mellom 6000 og 7000.

Ein diskusjon med Brønnøysundregistrene om innhaldet i registerkontrollen, gjorde at framdrifta av registeret gjekk seinare enn ønskeleg ei tid. Saka vart til slutt avklart mellom Nærings- og handelsdepartementet og Justisdepartementet. Sidan har utviklinga og oppdateringa av Stiftelsesregisteret gått med full styrke, og vi kjenner oss trygge på at registeret vil bli eit nyttig verktøy for tilsynet, stiftelsane, media og alle andre som har interesse av å orientere seg om norske stiftelsar.

Arbeidet med registeret tok mykje av ressursane i Stiftelsestilsynet også i 2006. Av den grunn var det avgrensa kor mange tilsynssaker Stiftelsestilsynet kunne opne. Men også overføringar av stiftelsar til Stiftelsesregisteret, mange med søknader om omdanning, har kravd mykje ressursar. I 2006 har vi i snitt hatt fem-seks årsverk til rådvelde på Stiftelsestilsynet, men mot slutten av året var vi ni tilsette – av dei seks fast tilsette. Dette skal etter planen auke til ca. 11 årsverk i 2007, hovudsakleg med høg kompetanse innan jus og økonomi.

Stiftelsestilsynet legg vekt på å bli betre kjent ute blant stiftelsane. Difor hadde vi møte med sentrale stiftelsar og deira representantar i Oslo i februar, og i Bergen i november. Dette var møte som var veldig nyttige for både tilsyn og stiftelsar. For Stiftelsestilsynet er det viktig å få klargjort vår kompetanse og tilsynsrolle, og kva som er tilsynets oppgåver, samstundes som det er viktig å kunne understreke i



*Rådgjevar Hege K. Sørbotten er sentral i arbeidet med å byggje opp det nye Stiftelsesregisteret.*

slike møte at tilsynet også har ein viktig service- og vegleiar-funksjon – utover den som forvaltningslova pålegg offentlege etatar.

Stiftelsestilsynets håp er at vi skal utvikle og tilpasse tilsynet ved mellom anna eit tett og godt samarbeid med stiftelsar basert på regelmessige møte og ved andre former for kontakt med dei mest sentrale aktørane. I 2007 er det aktuelt å gjennomføre tilsvarande møte i Trondheim, som vi hadde i Oslo og Bergen. Dessutan inviterer Stiftelsestilsynet alle registrerte stiftelsar til ein stiftelseskonferanse i Førde 8. og 9. mai 2007. Det er viktig å ta slike tiltak inn i eit regelmessig servicetilbod.



*Ingrid Aanderud Sælen er rådgjevar i Stiftelsestilsynet.*

Justisdepartementet, med ansvar for handhevinga av Stiftelseslova, er Stiftelsestilsynet sitt fagdepartement. Også i 2006 var det på alle måtar eit svært godt samarbeid med fagdepartementet. Departementet har all fagleg kompetanse som er nødvendig å bidra med i oppbygginga og utviklinga av Stiftelsestilsynet.

Sjølv om arbeidet med Stiftelsesregisteret kravde mykje arbeid, vart det opna ein del tilsynssaker i 2006. Utover i 2007 vil det vere påkravd med stadig meir tilsynsarbeid. Så langt har Stiftelsestilsynet mellom anna reagert på fleire medieoppslag om stiftelsar som er i søkjelyset på ein eller annan negativ måte. Elles har kontroll vore basert på stikkprøver.

Vi merka i 2006 at media er i ferd med å få augo opp for arbeidet med å samle stiftelsane i eit sentralt register. Men vi reknar med at mediepågangen til Stiftelsestilsynet vil auke på utover i 2007 etter kvart som det blir fleire tilsynssaker.

# Kampanjestart i travelt arbeidsår

**Avdeling Info og speleåtfærd starta arbeidet med å følgje opp «Regjeringens handlingsplan mot pengespillproblemer». Startskotet gjekk i Oslo 8. mai då kultur- og kyrkjeminister Trond Giske offisielt opna kampanjen som skal gå over tre år.**

Målet med denne delen av kampanjen er å førebyggje uheldig speleåtfærd blant grupper som er meir utsette enn andre. Ungdom var den første målgruppa, og her brukte vi særleg Internett og skuleverket for å nå fram med budskapet. Vi starta også på arbeidet med å førebyggje i nokre større innvandrargrupper.

Norske redaksjonar hadde i 2006 generelt mykje fokus på pengespel og pengespelproblem. Særleg galdt det tilhøve kring gevinstantomatane. Dette førte i periodar til svært stor pågang på avdelinga, som mellom anna av den grunn hadde eit travelt arbeidsår. Førebels er det ikkje så stor pågang frå media når det gjeld stiftelsar, men vi reknar med at dette vil auke på etter kvart som tilsynsarbeidet i Stiftelsestilsynet blir meir omfattande.

Også i 2006 var det stor interesse, både i media, blant politikarar og andre, for utviklinga av pengespelproblem i befolkninga. Arbeidet med å følgje opp befolkningsundersøkinga som SIRUS laga for Lotteritilsynet i 2002 vart difor prioritert. Etter ein ordinær anbudsrunde skreiv vi kontrakt med SINTEF Helse om å gjennomføre den nye undersøkinga som skal vere samanliknbar med den førre. Resultatet kan ventast seinhaustes 2007.

Avdeling Info og speleåtfærd har også ansvaret for å utarbeide den offisielle norske statistikken over pengespel her i landet. Dette er eit tidkrevjande arbeid, ikkje minst fordi vi skal hente inn statistisk materiale frå alle aktørar i den private delen av marknaden, og dei er mange.

I tillegg har avdelinga ansvar for å kartleggje nordmenn si åtfærd når det spesifikt gjeld pengespel på Internett. Det har vi gjort fire gonger i året i eit samarbeid med Opinion – resultatet frå i fjor kan du sjå på side 16. Dessutan kartlegg vi to gonger i året spelarane si åtfærd når det gjeld pengespel generelt. Dette er informasjon som vi merkar stor etterspurnad etter, både frå media, aktørar i bransjen og publikum.



*Rådgjevar Guri Sandelien Rekve og seniorrådgjevar Steinar Hatlestad jobbar begge med haldningskampanjen.*

Avdeling Info og speleåtfærd står også sentralt i Lotteritilsynets arbeid med å vurdere om pengespel, både nye og gamle som blir endra, medfører fare for å utvikle pengespelproblem. Dessutan er avdelinga involvert i ei ny oppgåve med å vurdere marknadsføringa av statlege pengespel i høve til eit nytt regelverk som kom i 2006.

Avdelinga deltek også i ein del internasjonale fora, særleg når det gjeld statistikk og speleavhengigheit. Det medfører også deltaking på sentrale konferansar om det som rører seg på den internasjonale pengespelmarknaden i vid forstand.





## Ny forskning skal gi nye svar om speleåttferd

**Lotteri- og stiftelsestilsynet starta i 2006 arbeidet med ei ny befolkningsundersøking om pengespelproblem her i landet. Etter nøye vurdering vart SINTEF Helse vald som samarbeidspartnar denne gongen. Resultatet av undersøkinga blir klart mot slutten av 2007.**

Den første store befolkningsundersøkinga vart gjennomført av SIRUS etter oppdrag frå Lotteritilsynet i 2002. «Pengespill og pengespillproblemer i Norge». Konklusjonen var at 49 000 nordmenn frå 15 år og oppover hadde, eller hadde hatt, alvorlege pengespelproblem.

Konklusjonane i rapporten kom til å spele ei viktig rolle i den politiske handsaminga av pengespel i ettertid. Men sidan SIRUS-rapporten vart laga, har omsetninga i den norske pengespelmarknaden auka med over 25 prosent, og då er ikkje uregulerte pengespel på nettet medrekna. Ønsket om ei oppfølging av den første undersøkinga vart difor sterkare år for år.

Den nye befolkningsundersøkinga blir laga slik at resultatet skal kunne samanliknast med den forrige. Men i den nye undersøkinga vil vi også kartleggje omfanget av eit par

andre tema som er aktualiserte sidan sist. For det første ønskjer vi meir kunnskap om korleis pengespelproblem påverkar problemspelarane sine pårørande. For det andre ønskjer vi å vite meir om åttferda på Internett når det gjeld spel utan innsats.

Også denne gongen blir det sendt ut spørjeskjema til 10 000 nordmenn. Svarprosenten sist var 55, og målet er at vi skal liggje minst på det same nivået i den nye undersøkinga. Skjema vart sende ut i slutten av januar 2007, og resultatet vil venteleg bli klart ein gong seint på hausten same året.

Kostnadsramma for den nye befolkningsundersøkinga er på to millionar kroner. Det er SINTEF sitt miljø for epidemiologisk forskning som gjennomfører undersøkinga. Epidemiologi handlar om å kartleggje utbreiing av og årsaker til sjukdom, og epidemiologar utfører ofte slike befolkningsundersøkingar.

I arbeidet med undersøkinga vil SINTEF samarbeide nært med psykiatarar og psykologar som har spesialisert seg på menneske som er speleavhengige. Disse har vore med på å utforme spørsmåla i spørjeskjemaet, og skal i tillegg bidra med fagleg ekspertise til vurdering og diskusjon av resultatata.



*Underdirektør Anniken Rygg leiar teamet som jobbar med befolkningsstudien i Lotteritilsynet.*

## Tre av ti leverte rekneskap elektronisk

*Seniorrådgjevar  
Monica Alisøy  
Kjelsnes og  
førstekonsulent  
Liv Røthe hadde  
som oppgåve  
å sjå til at  
organisasjonane  
rapporterte  
rekneskap til  
Lotteritilsynet.*



**Mykje ressursar gjekk med til innhenting av rekneskap frå godkjende lotteriverdige organisasjonar, forutan purring og reaksjon overfor dei som ikkje sende oss opplysingane.**

For første gong brukte vi i 2006 Altinn som leveringsportal. 30 prosent leverte rekneskapen via Altinn i fjor, så Lotteritilsynet er godt nøgd, sjølv om endringa førte til stor pågang frå organisasjonane. Fristen for rapportering var 1. juni. Vi mottok rekneskapsopplysingar frå vel 5000 organisasjonar. Om lag 300 organisasjonar mista godkjenninga si på grunn av manglande rapportering til oss.

Også endringane i automatmarknaden i 2006 førte til stor pågang frå aktørane. Sjølv om marknaden har vore frosen, så kunne Lotteritilsynet gi dispensasjon til flytting av automatar. Og i løpet av året fekk vi om lag 100 slike søknader om flytting.

Talet på entreprenørar gjekk ned i 2006, ved at dei antan gav seg eller ikkje betalte gebyr. Ved årsskiftet var talet på aktive entreprenørar kome ned i 243. Av dei var det 125 som hadde oppstillingsløyve for gevinstautomatar.

Arbeidet med momskompensasjon til frivillige organisasjonar gjekk greitt i 2006, som var det andre året vi hadde ansvar for å forvalte denne ordninga. Søknadsfristen var 1. juni, og vi mottok 437 søknader. I november utbetalte vi vel 161 mill til 380 organisasjonar. Det kom inn 11 klager. Så langt er 10 av desse handsama av Lotterinemnda, som ikkje har teke klagen til følgje.

I påvente av ei avklaring når det gjeld automatsaka, har det ikkje vore så mykje regelverksarbeid i 2006. Men litt vart det, mellom anna når det gjeld tivoli, underhaldningsspel, nye reglar for skrapelodd og tekniske reglar for bingo. Delar av dette arbeidet vil også strekke seg inn i 2007.

Mot slutten av året opna Regjeringa for vurdering av nye lotterikonsept som kompensasjon for at dagens automatmarknad skal avviklast i 2007. Det kom ikkje så mange konsept, men dette kan auke på i 2007.

Bingobransjen hadde tett oppfølging av Lotteritilsynet i 2006, mellom anna når det gjaldt rekneskap. Det førte til nokre tilsynssaker der eit par bingoar vart mellombels stengde. Elles har det nye regelverket for bingo samt den tette oppfølginga av bingoentreprenørane, gitt som resultat at overskotet til formåla i 2005 nesten vart dobla.



## Poker og nettspel krev ressursar



*Seniorrådgjevar Bård Eikeset (fremst) leiar teamet som jobbar med ulovlege pengespel. Med seg har han bak (frå venstre) seniorrådgjevar Monica Alisøy Kjelsnes, og råd-gjevarane Trude Felde og Thomas Ørnulf Helgesen.*

**Lotteritilsynet brukte ein god del ressursar på å kartleggje og overvake den norske pokermarknaden i 2006. Nokre pokerklubbar stengde etter pålegg frå Lotteritilsynet, men inntrykket er at talet på klubbar auka i fjor.**

Samstundes er det ein tendens til at pokerbransjen blir mindre synleg. Når ikkje fleire pokerklubbar vart politimelde, skuldast det mellom anna at det ofte er vanskeleg å finne rette vedkomande bak klubbane. Arbeidet med å følgje pokerbransjen vil bli intensivert i 2007. Ein dom i Midthordland tingrett i 2006 stadfesta dessutan at poker er lotteri.

Lotteritilsynet er nøgd med at ulovleg marknadsføring av pengespel ser ut til å vere under kontroll her i landet. I motsetnad til i nabolanda Sverige og Danmark, respekterer dei fleste aviser, tidsskrift og etermedia reklameforbodet. Dette kan skuldast at norske styresmakter har vore tydelege i sin budskap om reklameforbodet heile tida. Media blir kontinuerleg følgt, mellom anna går vår avdeling på Hamar gjennom vekepressa for m.a. å avdekke forsøk på ulovleg marknadsføring.

Pyramidar kravde ikkje så mykje merksemd som i tidlegare år. Forklaringane kan vere fleire, men det var viktig å få på

plass ei innskjerping av lotterilova når det gjeld pyramidar. Men tidleg på året brukte Lotteritilsynet ein del ressursar på ei grundig vurdering av Plexpay i samarbeid med Sør-Trøndelag politikammer. Lotteritilsynet konkluderte med at Plexpay er ein pyramide. Saka var ved årsskiftet framleis under etterforsking.

SMS-konkurransar som viser seg å vere lotteri har vore eit aukande problem siste åra. Lotteritilsynet har stoppa fleire slike dei siste åra. SMS-konkurransane grip inn i fleire myndigheitsområde. Difor innleia Lotteritilsynet, Medietilsynet og Forbrukarombodet i 2006 eit samarbeid for å utforme ei brukarvenleg orientering som samanfattar dei ulike lovene, og som kan nyttast som oppslagsverk for kringkastingsaktørane.

Grensa mellom lotteri og ferdigheitsbaserte spel er også ei veksande utfordring for lotteristyresmaktene. Ofte er det flytande grenser mellom slike aktivitetar, og vi reknar med at dette er eit problemområde som vil auke på i åra framover.

Avdeling Privat følgjer også utviklinga i spel på Internett. Utviklinga i andre land blir også følgt for å fange opp internasjonale trendar i pengespelmarknaden.

# Mykje arbeid med det nye registeret

**Arbeidet med å etablere det nye Stiftelsesregisteret førte til mykje arbeid for Avdeling Adm og IT i 2006. Det gjaldt både arbeidet med etableringa av arkivet, og innmeldinga av stiftelsar.**

Arbeidet med å etablere Stiftelsesregisteret vil først bli sluttført i 2007. Å etablere eit nasjonalt register som Stiftelsesregisteret er alltid krevjande teknologisk. Det krev også nybrottsarbeid.

Undervegs har vi hatt eit arbeidskrevjande samarbeid med Brønnøysundregistrene om gjenbruk av data. Prosjektet innbar også tett samarbeid med leverandøren av sakshand-samingsssystemet Public 360.

Påganga frå stiftelsar som skulle meldast inn, bidrog til at det i 2006 vart registrert heile 6795 saker i Public 360 i fjor. I alt vart det journalført godt over 23 000 dokument, av dei vel 13 000 inngåande. Påganga på sentralbordet var også stor i periodar, og det vart registrert 15 700 samtalar i 2006.

Teamet som jobbar med fellestenester bidrog i fjor med hjelp til utbetaling av momskompensasjon, og ved handtering av over 5200 rekneskap frå lotteriverdige organisasjonar. I løpet av året vart det opna for at rekneskap kunne sendast via Altinn, og gledeleg nok kom nærare 2000 rekneskap inn via den elektroniske portalen.

Driftsåret på IT var stabilt. Det vart sett i verk tiltak for å betre overvakinga av nettet for å førebyggje og redusere nedetid. Den største endringa kom i samband med flytting av avdelinga på Hamar frå Norsk Tipping sine lokale til Statens Hus (sjå side 14). Flyttinga var ei utfordring for tilsynet sine interne system, og særleg med tanke på kontrollsystemet som skal kommunisere med Norsk Tipping sine spelsystem.

I 2006 innførte også avdelinga eit nytt løns- og personal-system (SAP-HR) der alt føregår elektronisk, som til dømes lønsslippar og levering av reiserekningar. Systemet gjer det også mogleg for tilsette å endre eigne data.

Også 2006 var prega av ei stabil personalgruppe i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Den største utfordringa på personal-



*Stig Starheim er seniorrådgjevar i Avdeling for administrasjon og IT. Starheim leiår teamet Økonomi og personal.*

sida er å byggje kompetanse i den arbeidsstokken vi har på eksisterande og nye område.

I løpet av året vart det også gjennomført kurs i IT-tryggleik for dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Dei fleste har delteke på kurset, og har teke sertifiserande eksamen. Nemnast kan også at den elektroniske postlista vår var tilbake i normal drift hausten 2006 etter ein del driftsproblem.





## Jamn kjønnsfordeling



Lotteri- og stiftelsestilsynet har som mål at det skal vere balanse mellom kvinner og menn i organisasjonen, og at det skal vere lik lønsutvikling for begge kjønn. Vi har i dag ei relativt jamn kjønnsfordeling med omsyn til samla tal stillingar. Der er likevel eit fleirtal av menn i leiarstillingar og rådgjevarstillingar. Noko av årsaka er at ved utlyste stillingar på høgare nivå den seinare tida, har vi hatt relativt få kvinnelege søkjarar.

Som tidlegare år har det vore nytta ein del engasjement. Dette gjeld mellom anna stiftelsesområdet som har vore under oppbygging.

Gjennomsnittleg lønsvekst i året som gjekk var 30.000 kroner. Gjennomsnittsløna er 65.000 kroner høgare for menn enn for kvinner og årsaka ligg i at der er eit fleirtal mannelege i dei høgre stillingane.

Gjennomsnittsalderen for dei fast tilsette er 42 år, og den er noko lågare for menn enn for kvinner.

Når det gjeld utdanningsnivå så har 24 av dei fast tilsette cand. mag. nivå eller høgare. 17 av dei faste har hovudfag og vi har 3 sivilingeniørar. Dei som sit i engasjement har også jamt over høgt utdanningsnivå. Juristane utgjer fleirtalet av dei med høgare utdanning.

Sjukefråværet var på 4,4 prosent i 2006, og dette er ein nedgang i høve til året før då vi hadde nokre langtidssjukemeldingar som drog opp.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har avtale om inkluderande arbeidsliv.

For å måle trivsel på arbeidsplassen nyttar vi humankapitalindeksen som metode. I 2006 vart det gjennomført to målingar som syner at vi har ein bra score og at det var ei positiv utvikling gjennom året.



## Kontollarbeid i eige hus

**I oktober 2006 var det klart for flytting av avdelinga på Hamar. Etter eit langt liv som leigebuar i Norsk Tipping sine lokale, vart kontrollavdelinga flytta til Statens Hus i sentrum av Hamar.**

Statens Hus har moderne lokale som sto klar i 1999. Her har Lotteritilsynet fått lokale tilpassa behovet.

Ved utgangen av året hadde Avdeling Stat Team Tipping fem fast tilsette med Kaare Sveen som teamleiar. Teamet hadde i tillegg ein treknings-tilsett på timebasis. Avdelinga er bemanna frå morgon til midnatt kvar dag – sju dagar i veka.

Kontrollarbeidet har gjennomgått store endringar sidan Lotteritilsynet overtok ansvaret for kontrollen i 1. januar 2002. Over tid er difor kostnadene med kontrollen av Norsk Tipping sine pengespel redusert.

Framleis er det fysisk trekning med to av Norsk Tipping sine lotteri. Både Lotto og Viking Lotto blir trekt med dei kjende og godt innarbeidde lottokulene og vikinglottokulene. Resten av pengespela har elektronisk trekning. Men på alle spel er det elektronisk kontroll, også Lotto og Viking Lotto. Kontroll er meir enn det å overvake trekningane – vi kontrollerer også at det er rett vinnar og at det er rett premie. Kontrollarbeidet gjekk i 2006 greitt, og dialogen med Norsk Tipping var god.



*Konsulent Wenche Aaslund er kontrollør i Team Tipping på Hamar.*

Kontrollane påviste i 2006 få avvik som fekk sluttkonsekvens. Flytteprosessen av kontrollavdelinga ut av Norsk Tipping sine lokale medførte som venta visse driftsforstyrrelsar, utan at dette fekk konsekvensar for kontrollarbeidet.

I praksis går no alle klager på Norsk Tipping sine pengespel til selskapet sjølv. Anke over vedtak i NT skal gå til Lotteritilsynets kontrollavdeling på Hamar. I 2006 var det eit 20-tals saker som enda som ankesaker.





## Effektivt setelforbod, problematisk veksleforbod

I 2006 vart det innført forbod mot å bruke pengesetlar på utbetalingsautomatar frå 1. juli. Samstundes vart det innført forbod mot å ha oppstilt utbetalingsautomatar i lokaler med vekslingsautomat. Setelforbodet vart etterlevt på ein tilfredsstillande måte, men vekslingsforbodet vart meir omstridd.

Innføringa av setelforbodet på gevinstautomatane vart totalt sett vellukka med tanke på at det er registrert ein nedgang i omsetninga på rundt 40 prosent i andre halvår 2006. Intensiverte kontrollar påviste berre få avvik. Tilsynet mottok òg svært få tips om brot på setelforbodet.

I 2006 handla kring 80 prosent av tipsa om moglege brot på vekslingsforbodet. Mange av desse tipsa gjeld observasjonar av lokalinnhavarar som vekslar til spelarane. Kontrollane viste også at mange lokalinnhavarar vekslar i stor stil til spelarane. I nokre tilfelle skjedde vekslinga i samarbeid med entreprenørane. Vekslingsforbodet var ikkje lett å kontrollere. I mange tilfelle var det vanskeleg å finne handfaste prov utan å bruke mykje ressursar.

I 2006 prioriterte òg Lotteritilsynet kontroll av at lotteriverdige formål fekk sin rettmessige del av overskotet frå automatane. I heile 16 prosent av kontrollane vart det påvist økonomiske avvik, og i fleire av desse tilfella var det snakk om graverande saker. Til



Rådgjevar Kåre Eide er leiar for Team Automatar.

samanlikning ligg avviksprosenten ved teknisk kontroll og løyvekontroll på mellom to til tre prosent.

Tendensen er at nokre aktørar må ha mykje oppfølging før feil blir retta opp når det gjeld utbetaling av formålet sin del av overskotet. Samstundes er det klart at mange formål ikkje har oversikt over kor mykje dei har krav på.

Kontrollen av 18-årsgrensa vart òg prioritert i 2006. Metodisk var desse kontrollane lagt opp slik at kontrollstadene vart trekte ut tilfeldig for å få ei blanding av forskjellige oppstillingsstader. På den måten rekna vi med at kontrollane kunne gi eit bilete på status i heile automatmarknaden. Ved kontroll av 18-års grense vart det funne avvik i to prosent av tilfella.

Etter 1. juli 2006 vart det innført metodisk registrering av tips og publikumskontakt. Dette var ein nyttig reiskap i kontrollarbeidet. I siste halvår 2006 vart det registrert over 150 tips og andre former for innspel som galdt speleautomatar.



1. juli 2006 vart setelinntaket stengt på gevinstautomatar.

# 230 000 nordmenn spelte på nettet i 2006

**230 000 nordmenn<sup>1</sup> frå 18 år og oppover deltok i 2006 i pengespel på Internett, viser målingar som Opinion gjorde for Lotteritilsynet. Dette utgjør 6,5 prosent av den vaksne befolkninga.**

Talet på nettspelarar aukar frå år til år. I 2004 og 2005 vart resultatet av undersøkingane høvesvis 152 000 og 207 000 personar.

I 2006 har vi spurt om spelarar spelar på Internett med PC eller mobiltelefon. Færrest seier at dei spelar med mobiltelefonen: Ein halv prosent av befolkninga, eller 7 prosent av nettspelarane.

Nettspelarar er oftast yngre menn.

Blant menn har 10 pst spelt på nettet og blant kvinner 3 pst. I aldersgruppa 18 til 29 år har 15 pst spelt på Internett. I gruppa 30 til 44 år er andelen 8 pst. I aldersgruppene 45 til 59 år og 60 år eller eldre er andelane høvesvis 4 og 1.


I 2006 har flest sagt at poker var det spelet dei spelte siste gongen dei var pålogga og spelte eit pengespel. Andelen har auka frå 19 pst i 2005 til 38 pst i 2006.

Som for tidlegare år spelar dei fleste anten på norske eller utanlandske nettstader. I 2006 oppgir 32 pst at dei berre har spelt på norske nettstader, og 51 pst at dei berre har spelt på utanlandske. 9 prosent oppgir å ha spelt både på norske og utanlandske nettstader.



Dei norske nettstadene er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Ifølgje målingane spelte 37 pst av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 6 pst spelte hos Rikstoto.

Blant dei spurde er det to utanlandske nettstader der meir enn 10 pst oppgir å ha spelt. Dette gjeld Unibet og Expekt der høvesvis 18 pst og 12 pst seier dei har spelt det siste året.

I 2006 har 35 pst av spelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i kvartalet. Denne andelen har vore ganske stabil



<sup>1</sup>) Feilmarginen er +/- 27 000 personar.



dei åra vi har gjort desse målingane. Dei fleste spelar sjeldnare enn ein gong i veka.

54 pst seier dei har spelt for 100 kroner eller mindre den siste gongen dei var pålogga og spelte minst eitt spel. Som tidlegare år er det færrest som seier dei har spelt for 500 kroner eller meir siste gongen dei spelte.

For å synleggjere kor mykje nordmenn totalt satsa på nettspel i 2006 har Lotteritilsynet gjort berekingar med utgangspunkt i kjend omsetning på norske nettstader, og ei framskrivning av tidlegare estimat for spel på utanlandske nettstader.

Reell omsetning på dei norske nettstadene (Norsk Tipping og Rikstoto) var i 2006 om lag 950 millionar kroner. Omsetninga auka med i overkant av 30 pst frå året før.

Totalt sett reknar vi med at nordmenn spelte for meir enn 6 milliardar kroner på Internett i 2006, medrekna 950 millionar kroner på dei norske nettstadene.


På utanlandske nettstader reknar Lotteritilsynet med at nordmenn satsa minst 5,3 milliardar. Dette baserar vi på minst like stor vekst for utanlandske nettstader som for norske. For 2005 estimerte Lotteritilsynet total omsetninga på Internett til 4,7 milliardar, der 4 milliardar vart satsa på utanlandske nettstader. Dette estimatet vurderte vi den gong som nøkternt.

Til slike berekingar er det knytt stor usikkerheit. Målet er likevel ikkje å få fram fasitsvaret, men meir å synleggjere nivået på omfanget som denne marknaden utgjør.

Det er fleire grunnar til at vi reknar 5,3 milliardar som eit minimumstal for utanlandske nettstader. Mellom anna ser vi i målingane at fleire spelar poker i 2006 enn i 2005. Når poker ikkje vert spelt på norske nettstader må auken ha kome på utanlandske. Meir generelt har heller ikkje andel som spelar på utanlandske nettstader blitt mindre enn tidlegare år.

I dei kvartalsvise målingane har vi gjennom 2006 spurt kva for betalingsmåte nettspeleparane nytta siste gongen dei overførte pengar til ein spelestad på Internett eller mobiltelefon.

Kredittkort er den mest brukte betalingsmåten, og 53 % svarte at dei brukte kredittkort.



# Mindre omsetning i den regulerte pengespelmarknaden

**Den totale omsetninga på regulerte norske pengespel og lotteri hadde i 2006 ein reduksjon frå 2005. Førebelse tal tyder på at det i fjor vart omsett for brutto om lag 38,0 milliardar kroner. I 2005 var omsetninga på 42,4 milliardar<sup>1</sup>.**

Den viktigaste forklaringa på reduksjonen er setelforbodet som vart innført på gevinstantomatar frå 1. juli 2006. Hausten 2006 rapporterte Lotteritilsynet at månadleg omsetning var meir enn 40 prosent lågare enn tilsvarande månader året før. Denne reduksjonen kjem no fram i ein samla oversikt.

Etter estimatet for 2006 vil kvar innbyggjar i gjennomsnitt ha satsa 8 200 kroner på pengespel. Når gevinstane er trekte frå, la nordmenn i fjor igjen 11 milliardar kroner på pengespel. Dette nettotalet utgjer 2 400 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Opinion har utført for oss, kjem det fram at om lag 230 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2006, og dei fleste spelte på utanlandske nettstader.

Kor mykje av spel- og lotterinntektene som gjekk til humanitære og samfunnsnyttige formål i 2006, er enno ikkje kartlagt.

## Spel- og lotterimarknaden 2006

|   | Millionar NOK |               | Millions EURO <sup>2</sup> |              |
|---|---------------|---------------|----------------------------|--------------|
|   | Brutto oms.   | Netto oms.    | Gross turnover             | Expenditure  |
| Norsk Tipping (eigne spel)                          | 8 846         | 4 131         | 1 099                      | 513          |
| Rikstoto  | 2 779         | 944           | 345                        | 117          |
| Talspelet Extra                                     | 773           | 386           | 96                         | 48           |
| Automatar *   | 22 900        | 4 400         | 2 840                      | 550          |
| Lotteri (eksklusiv Flax) *                          | 600           | 500           | 70                         | 60           |
| Bingo *   | 2 100         | 600           | 260                        | 70           |
| <b>Totalt</b>                                       | <b>38 000</b> | <b>11 000</b> | <b>4 720</b>               | <b>1 360</b> |
| Per innbyggjar <sup>3</sup> (avrunda)<br>Per capita | 8 200         | 2 400         | 1 000                      | 300          |

\*) Estimert omsetning, i NOK runda av til næraste 100 million, og i EURO til næraste 10 million.

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er samla innsatsbeløp<sup>4</sup> frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinst er utbetalt. Nettoen blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør, lokalinnhavar eller kommisjonær).


1) Årsstatistikken for 2005.

2) Noregs Bank, Årsgjennomsnitt av midtkursar 2006: 8,0510


3) SSB, ved 1. juli 2006: 4 660 378

4) For automatar innbetalt innsatsbeløp, ikkje medrekna verdi av gjenspel der gevinst ikkje først er utbetalt.





## Spel og lotteri – prosentvis del av omsetninga, i år 2006



Frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har vi fått endelege tal. Norsk Tipping si brutto omsetning for eigne spel er auka gjennom 2006 (nær 5 prosent). Omsetninga vart vel 8,8 milliardar kroner i 2006. Norsk Rikstoto hadde ei omsetning på nær 2,8 milliardar kroner, noko som er uendra frå året før.

Også talspelet Extra hadde nær same omsetning i 2006 som i 2005. Her vart det i 2006 satsa 773 millionar.

Tala for resten av den private marknaden er førebelse estimat. Lotteritilsynet har hatt kontakt med ei rekkje av dei sentrale aktørane og fått innrapportert nøkkeltal for ein del av omsetninga.

I dei åra Lotteritilsynet har vist tal for den norske spele-marknaden er 2006 det første året der omsetninga på gevinstautomatar er redusert i høve til føregåande år. Reduksjonen må sjåast som ein konsekvens av setelforbodet som vart innført sommaren 2006.

Til årsmeldinga har vi henta inn tal frå 26 entreprenørar som samla hadde 85 prosent av nettoomsetninga i estimatet. For resten av marknaden er det gjort ei framskriving

basert på 2005-tal. 6. februar i 2007 var det registrert 12 958 løyve til gevinstautomatar i Lotteriregisteret. Dette talet har aldri tidlegare vore lågare, og må sjåast i samanheng med den seinare tids endringar i forskrifter (mellom anna setelforbod og auka gebyr).

Lotteritilsynet bereknar brutto omsetning frå gevinstautomatane til 22,9 milliardar kroner<sup>5</sup> i fjor. Dette er ein reduksjon på nærare 5 milliardar kroner samanlikna med tala våre for 2005. Samanlikna med 2005 utgjør reduksjonen vel 17 prosent.

Automatane si nettoomsetning er redusert med om lag 900 millionar kroner. Der vi estimerer omsetninga, har vi lagt til grunn same reduksjon (17,4 %) som for dei vi har innhenta tal frå<sup>6,7</sup>.

Då vi hausten 2006 melde at reduksjonen i netto omsetning var over 40 % samanlikna med tilsvarande periode i 2005, baserte vi dette på innhenta tal frå eit utval entreprenørar som til saman hadde om lag to tredjedelar av oppstillingsløyva i Lotteriregisteret. At reduksjonen for eit heilt år er mindre enn halvparten av reduksjonen vi tidlegare melde har fleire moglege forklaringar: Mellom anna at omset-



<sup>5</sup>) 65 pst av brutto omsetning er innrapportert. Resten er estimert med gevinstprosent 80,9.

<sup>6</sup>) 85 pst av netto omsetning er innrapportert. Uendra netto omsetning i estimert del ville gitt total netto på 4,5 mrd.

<sup>7</sup>) Samla gevinstprosent i innrapporterte tal blir nytta i framskriven omsetning eller der vi berre har innrapportert netttotal.

◀◀ ningsauken kan ha halde fram til setelforbodet kom på sommaren 2006, og at alle automatar ikkje har hatt lik reduksjon som følgje av setelforbodet.

For bingo og andre lotteri har Lotteristilsynet enno ikkje fått inn nok talmateriale til å gi eit presist oversyn for omsetninga. Frå Lotteriregisteret og frå sentrale aktørar har vi fått informasjon om marknaden som vi brukar i framskriving av 2005-tal.

Bingo med og utan entreprenør hadde i 2005 ein samla omsetning på nær 2 milliardar kroner, medrekna sidespel. Vi reknar med at omsetninga totalt har auka i 2006. I 2006 vart det gitt færre løyve til foreiningsbingo, men signal frå bingoentreprenørar tyder på entreprenørbingoen truleg har hatt ein auke. For lokale/regionale lotteri og landslotteri reknar vi med at marknaden totalt har hatt ein liten reduksjon.

## Utviklinga

|                            | 2005          |               | 2006                      |               | Endring         |               |
|----------------------------|---------------|---------------|---------------------------|---------------|-----------------|---------------|
|                            | Brutto oms.   | Netto oms.    | Brutto oms.               | Netto oms.    | Brutto oms.     | Netto oms.    |
| Norsk Tipping (eigne spel) | 8 433         | 3 989         | 8 846                     | 4 131         | 4,9 %           | 3,6 %         |
| Rikstoto                   | 2 781         | 959           | 2 779                     | 944           | - 0,1 %         | - 1,6 %       |
| Talspelet Extra            | 771           | 385           | 773                       | 386           | 0,3 %           | 0,3 %         |
| Automatar *                | 27 754        | 5 290         | 22 900                    | 4 400         | -16 til -19 %   | -16 til -19 % |
| tivoli.no/SMS jackpot      | 14            | 2             | <i>ikkje drift i 2006</i> |               |                 |               |
| Lotteri (eksklusiv Flax) * | 628           | 506           | 600                       | 500           | liten reduksjon |               |
| Bingo *                    | 1 982         | 552           | 2 100                     | 600           | liten auke      |               |
| <b>Totalt *</b>            | <b>42 362</b> | <b>11 684</b> | <b>38 000</b>             | <b>11 000</b> | <b>- 10 %</b>   | <b>- 6 %</b>  |

\* Delar av omsetninga er estimert og avrunda til næraste hundre million for år 2006.




## Deltaking i pengespel og lotteri

I 2006 har Lotteritilsynet halde fram med målingar om speleåtferd generelt i befolkninga.

Målingane vart gjort i juni og desember, og kvar gong vart 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela. Vi syner her svarfordelinga frå målingane.

Andel<sup>8</sup> som oppgir å ha delteke i ulike pengespel det siste året (på undersøkingstidspunktet).



Av Norsk Tipping sine spel er Lotto det spelet som flest (rundt 60 pst) har spelt det siste året. Færrast har spelt på tippekupongen eller Oddsens. 12 % har spelt hos Rikstoto.


Blant private spel og lotteri er det flest (rundt 55 pst) som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri. 20 pst har svart at dei har spelt på automatar. I følgje målingane spelar 5 prosent bingo.

Også i 2006 stod automatar for den største omsetninga i spelemarknaden. Når andelen spelarar her er mindre enn for andre spel, kjem det tydeleg fram at automatspelarane både satsar og legg igjen langt meir på automatspel enn det som vert gjort på andre spel.

I desse halvårlege undersøkingane har spelarane til og med juni 2006 blitt spurde om dei brukte setel eller mynt siste gongen dei spelte på ein automat. I juni 2006 svara 8 prosent av automatspelarane at dei hadde lagt på ein setel. Denne andelen har vore mellom 8 % og 14 % i den perioden vi har stilt dette spørsmålet<sup>9</sup>.

Setelforbodet har dermed hatt effekt for eit forholdsvis lite tal automatspelarar, men større effekt på kor mykje pengar desse har lagt igjen på automatane.

Diagrammet under (frå desembermålinga) syner nokre skilnader for menn og kvinner. Menn spelar oftare enn kvinner på Tipping, Oddsens, Rikstoto og automatar. Kvinner kjøper oftare Flaxlodd.



<sup>8</sup>) Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 1,4 – 3,2 pst for hovudfrekvensane. Feilmarginar for undergrupper er noko større.

<sup>9</sup>) «Sist gangen du spilte på spilleautomat, puttet du da på sedler eller mynter? «

Juni 05: Sedler: 8 %, Mynter: 91 %, Begge deler: 1 % N=225.

Nov 05: Sedler: 11 %, Mynter: 86 %, Begge deler: 3 % N=243.

Juni 06: Sedler: 7 %, Mynter: 92 %, Begge deler: 1 % N=204.

# Færre ringde Hjelpelinja etter setelforbodet

**Setelforbodet som vart innført på gevinstautomatar 1. juli 2006 gav effekt på samtaletrafikken allereie frå juli månad. Andre halvår mottok Hjelpelinja for speleavhengige 46 prosent færre samtalar enn første halvår.**

Lotteritilsynet samarbeider med Sykehuset Innlandet HF Sanderud om Hjelpelinja. Den daglege drifta av telefonen er lagt til sjukehuset si avdeling for rusrelatert psykiatri og avhengighet. Samstundes som hjelpetelefonen gir hjelp til folk som ofte er i naud, får vi også opparbeidd ein systematisert kunnskap om spelarar med problematisk speleåtfærd.

Hjelpelinja mottok 2 066 samtalar i 2006. 1 792 av desse handla om spelarar. Dette er ein nedgang i trafikken samanlikna med året før då det var 2 360 samtalar. I løpet av det siste halvåret i 2006 har færre enn tidlegare ringt om gevinstautomatar.

Om lag tre av fire spelarar som ringjer eller blir omtalt på hjelpetelefonen er menn. Snittalderen for menn er 35 år og for kvinner 42 år.



*Trond Aspeland er ein av dei som svarer telefonen på Hjelpelinja.*

Gevinstautomatar er det mest omtalte spelet på Hjelpelinja, men gjennom året har vi sett ein reduksjon i talet på samtalar om automatar. Det første halvåret nemnde 82 prosent av innringarane at gevinstautomatar var det einaste eller det mest problematiske spelet.

Frå 1. juli har Hjelpelinja registrert særskilt i kva grad bingoautomatar er eit problematisk spel eller ikkje. Det andre halvåret har 60 prosent oppgitt gevinstautomatar og 6 prosent har oppgitt bingoautomatar – i alt 66 prosent.

Reduksjonen frå 82 til 66 prosent ser vi først og fremst som resultat av setelforbodet på gevinstautomatane. Men sjølv om det regulatoriske tiltaket hadde effekt på samtaletrafikken, var automatar framleis det desidert hyppigast omtalte spelet på Hjelpelinja.


Samtalar om poker har også i 2006 hatt ein auke. I 2006 hadde 10 prosent av spelarane poker som einaste eller mest problematiske spel. I 2005 var andelen 6 prosent, medan pokerspelarar i 2004 utgjorde under 1 prosent.

Auken i poker sin prosentvise andel skuldast delvis at færre ringjer om gevinstautomatar. Den reelle auken i samtalar om poker er 31 prosent.

For 18 prosent av spelarane kjenner vi til at hovudproblem-spelet blir spelt på Internett e.l. Frå 2006 har vi registrert kvar desse er når dei spelar. Dei fleste (17 prosent) har sagt at dei spelar frå PC-en heime. Ein del spelar også eller i staden for frå PC på jobben (2 prosent) eller annan stad (3 prosent). Vi har også registrert einskilde (1 prosent) som spelar frå mobiltelefon.

Spelarane på Internett er i all hovudsak menn og yngre enn 40 år. Dei under 18 år er oftast omtalt i forhold til spel som ikkje er pengespel. For dei over 18 år er poker eit ofte omtalt spel.

Dei som ringjer hjelpetelefonen får alle ei form for hjelp, støtte eller rettleiing. Mellom anna blir det gitt informasjon om behandlingstilbod eller sjølvhjelpsgrupper. I 62 prosent av samtalane er det spelarane sjølv som har ringt Hjelpelinja. Dei andre samtalene kjem hovudsakleg frå pårørande eller vener (35 prosent).




## Satsar på team

I samband med omorganiseringa i 2005, vart mykje av arbeidet i avdelingane organisert i team. Røynslene er gode, men blanda.

I utgangspunktet vart det etablert åtte team under avdelingane Adm og IT, Stat og Privat. I 2006 vart forskning skilt ut som eige team under avdeling Info og speleåtfærd.

Hausten 2006 vart teamorganiseringa evaluert. Ein konklusjon var at ordninga medførte effektivisering for avdelingsdirektørane.

Tilbakemeldingane viser at mange er nøgde med teamorganiseringa, men det er også kome framlegg til forbetringar. Difor vil teama bli vurderte på ny i samband med ei ny organisasjonsmodell frå 2008.



## Tunge internasjonale verv

Direktør Atle Hamar vart i oktober vald til styreleiar i International Association of Gaming Regulators (IAGR). Det skjedde under den årlege IAGR-konferansen som denne gongen var lagd til Barcelona.

Det føregåande året var Hamar nestleiar i styret, og han blir sitjande som styreleiar i eitt år. Han vil jobbe for at ein framtidig konferanse i IAGR blir lagd til Norge.

Heilt frå starten i 2001 har Lotteritilsynet prøvt å spele ei aktiv rolle i regulatoriske fora, både i Norden og Europa – forutan i IAGR. Som eit resultat av dette vart underdirektør Anniken Rygg alt i 2003 innvald i styret i Gaming Regulators European

Forum (GREF). Der er Rygg i dag sekretær, men ho deltek også aktivt i undergrupper som jobbar med speleavhengigheit og tekniske spørsmål.

Direktør Jan Støfring i Avdeling Stat er dessutan sentral i det teknologiske arbeidet GREF har på dagsorden.

I arbeidet med å utvikle felles statistikk og statistikkforståing har Lotteritilsynet vore ein pådrivar både i nordisk samanheng og i GREF. Her er det i første rekkje rådgjevar Jonny Engebø som representerer Lotteritilsynet.

Lotteritilsynet deltek årleg på ein god del internasjonale konferansar for å oppdatere kompetansen på pengespelområdet. Det blir brukt ressursar



Atle Hamar (t.v.) overtok for australske David Ford som chair i IAGR hausten 2006.

på å vere oppdatert på det som skjer juridisk, ikkje minst i EU. Pengespel på Internett er eit anna område som blir følgt nøye av Lotteritilsynet. Men vi deltek også på konferansar i Norden og andre stader der speleavhengigheit og speleåtfærd blir sett på dagsorden. Dette er nødvendig for å utvikle kunnskapen om forskning og trendar når det gjeld speleåtfærd i vid forstand.



# Rekneskapan for 2006

**Det vart brukt 53,9 millionar kroner på drift i året som gjekk, og inntektene var på 57 millionar kroner.**

Løn utgjer 46,7 pst. og varer og tenester 55,3 pst av forbruket. Løn sin del av forbruket har auka med 3 pst. frå året før. Det samla forbruket på drift auka med om lag 2,4 millionar kroner. Løn til faste stillingar auka med 2 millionar kroner, mellom anna som følgje av at der er kome på plass fleire av dei faste stillingane på stiftelsesområdet.

Avdeling for stiftelsar har framleis vore under oppbygging i 2006. Forbruket på stiftelsesområdet var 5,76 millionar kroner, derav 62,7 pst. til løn. Avdelinga er ved utgangen av 2006 framleis ikkje fullbemanna med faste stillingar, men det har i 2006 vore nytta fleire engasjement for å ta unna ei aukande saksmengd.

Vi har også i 2006 hatt omfattande tenestekjøp hos Brønnøysundregistra (2,31 millionar kroner) og Statens innkrevjingssentral (2,54 millionar kroner) knytt til høvesvis drift og utvikling av Lotteriregisteret og innkrevjing av gebyr. Politiets datateneste mottok eit refusjonsbeløp for kostnader knytt til Lotteriregisteret på 190 000 kroner. Vidare er det over post 01 betalt tilskot på 830 000 kroner til drifta av Hjelpelinja for speleavhengige ved Sykehuset Innlandet HF Sanderud.

ErgoSolutions AS er tenesteleverandør knytt til utvikling/tilpassing av kontrollsystema for spela ved Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Desse tenestekjøpa var i 2006 på 3,06 millionar kroner.

Ovanfor nemnde tenestekjøp, som står sentralt i høve til oppgåveporteføljen og arbeidsmåten til Lotteri- og stiftelsestilsynet, utgjorde 30 pst. av forbruket på varer og tenester i 2006.

Det har også i 2006 blitt investert ein del i it-utstyr, anna kontorutstyr og oppgradering av systemløysingar. Flytting av kontrollleininga på Hamar til lokale i Statens hus medførte kostnader mellom anna knytt til møblering.

Forbruket på reiser har lege stabilt dei siste to åra, og vi brukte i fjor om lag 3,5 millionar kroner.

Leige av dei lokala Lotteri- og stiftelsestilsynet disponerer i Førde og på Hamar kosta 2,9 millionar kroner i 2006. I tillegg kjem kostnader knytt til oppvarming, straum, drift og vedlikehald.

Den største inntektskomponenten for Lotteri- og stiftelsestilsynet er framleis gebyr for oppstilling av speleautomatar. Denne utgjorde vel 42,8 millionar kroner eller om lag 75 pst av dei totale inntektene i fjor. Gebyrinntektene knytt til automatar har likevel hatt ein klart avtakande tendens dei siste åra. Hovudårsaka er innstramminga i oppstillingspolitikken for gevinstautomatar. I gjennomsnitt har inntektene blitt redusert med 8,5 millionar kroner per år dei siste åra.

Årsgebyra frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto utgjorde 10 millionar kroner i 2006.


Stiftelsesområdet skal over tid vere sjølvfinansierande. Det er først frå 2007 ein får full effekt av den avgifts-/gebyrmodellen det er lagt opp til på dette området. I 2006 fekk vi inntekter på 2,5 millionar kroner frå stiftelsane.

Frå 2005 har Lotteri- og stiftelsestilsynet hatt ansvar for å forvalte ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar. Det vart betalt ut 161,7 millionar kroner under ordninga i 2006. Administrasjon av ordninga kosta 750 000 kroner.



| <b>Utgifter Lotteri- og stiftelsestilsynet</b>  |           |           |                  |
|---|-----------|-----------|------------------|
| Kap. 0305, Post 01 Driftsutgifter   |           |           |                  |
| Løyving *   |           | kr        | 57 725 000       |
| Rekneskap   |           | kr        | 55 912 000       |
| <b>Mindreutgift</b>   |           | kr        | <b>1 813 000</b> |
| *) I tillegg kjem lønsrefusjonar som følgje av fødselspermisjonar og sjukemeldingar.  |           |           |                  |
| Kap. 0305, Post 21 Spesielle driftsutgifter   |           |           |                  |
| Løyving *   |           | kr        | 2 300 000        |
| Rekneskap   |           | kr        | 3 320 000        |
| <b>Meirutgift</b>   |           | kr        | <b>1 020 000</b> |
| Meirutgifter er lik meirinntekt under kap 3305 post 06.   |           |           |                  |
| <b>Utgifter meirverdiavgiftskompensasjon</b>  |           |           |                  |
| Kap. 315, Post 70 Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar  |           |           |                  |
| Løyving   |           | kr        | 163 465 000      |
| Rekneskap   |           | kr        | 161 691 000      |
| <b>Mindreutgift</b>   |           | kr        | <b>1 774 000</b> |
| <b>Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar</b>  |           |           |                  |
| Kap. 3305, Post 02 Gebyr  |           |           |                  |
| Løyving   |           | kr        | 43 921 000       |
| Rekneskap   |           | kr        | 42 846 000       |
| <b>Mindreinntekt</b>  |           | kr        | <b>1 075 000</b> |
| Kap. 3305, Post 03 Refusjon   |           |           |                  |
| Løyving   |           | kr        | 10 940 000       |
| Rekneskap   |           | kr        | 11 041 000       |
| <b>Meirinntekt</b>  |           | kr        | <b>101 000</b>   |
| Kap. 3305, Post 04 Avgift, gebyr stiftelsar   |           |           |                  |
| Løyving   |           | kr        | 2 050 000        |
| Rekneskap   |           | kr        | 2 553 000        |
| <b>Meirinntekt</b>  |           | kr        | <b>503 000</b>   |
| Kap. 3305, Post 06 Inntekter til arbeid mot speleavhengigheit   |           |           |                  |
| Løyving   |           | kr        | 2 300 000        |
| Rekneskap   |           | kr        | 3 320 000        |
| <b>Meirinntekt</b>  |           | kr        | <b>1 020 000</b> |
| <b>Tilsette</b>   |           |           |                  |
| Ved utgangen av 2006 var det 52 fast tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet medrekna sekretariatet for Lotterinemnda. I tillegg har vi nytta ein del engasjement. Ved årsskiftet var det 9 tilsette i engasjement, og 6 av desse held fram i 2007. Tabellen under viser fordeling mellom kvinner og menn i faste stillingar. |           |           |                  |
|   | Kvinner   | Menn      | Sum              |
| Direktør og avdeling administrasjon og IT   | 11        | 6         | 17               |
| Avdeling for informasjon og speleåtfærd   | 2         | 3         | 5                |
| Avdeling for statlege spel  | 4         | 9         | 13               |
| Avdeling for private spel   | 6         | 5         | 11               |
| Avdeling for stiftelsar   | 2         | 4         | 6                |
| <b>Sum</b>  | <b>25</b> | <b>27</b> | <b>52</b>        |

# Multikunstnaren Oddvar Torsheim




Om du kjem til Førde og møter ein mørkkledd mann med grått skjegg, raudt skjerf og mørk skulderveske – då er sjansen stor for at du har møtt multikunstnaren Oddvar Torsheim. Men først og fremst er Torsheim kjend som biletkunstnar med ein heilt særmerkt strek. Vi presenterer nokre av bileta hans i denne årsmeldinga.

Torsheim har ein stor og variert bildeproduksjon bak seg, og på den måten tek han ofte del i samfunnsdebatten. Tema er belyst gjennom Torsheims eigenart og underfundige bilete. Men over tid har kunstnaren også stått for andre utgjevingar. Det gjeld mellom anna bøker, men også musikk.

Torsheim er ein institusjon i Førde, og er ofte å sjå i bybildet. Han har eige bord på eit av byens hotell, og på 65-årsdagen fekk *Torsheimen* avduka eigen bauta i parken her i Førde. Parken er enno utan offisielt namn, men «Nynorskens skog» er blant framlegga til namn, og dette var også namnet på ein CD som Oddvar Torsheim gav ut i 1992 saman med Gløppen Jentekor.

I forordet til boka «Tvisynt tvilar – eit portrett av Oddvar Torsheim» (Skald 2001), skriv forfattaren Katrine Sele at det




*Nymfe i G-dur*

ikkje berre er kunsten hans som er over alt. Mannen dukkar opp i alle moglege samanhengar. «Folk legg merke til han kvar han går. Det er noko med rørslene, stemma, måten å seie ting på. Alle dei sterke andletsuttrykka. Det kan verke som han er litt meir til stades enn dei fleste.»

Torsheim trivst i Førde, og Førde trivst med Torsheim. Sjølv om Oddvar Torsheim stundom reiser utanbys eller utanlands, er det Førde som er basen for hans kunstnariske arbeid. I Førde heng det bilete frå Torsheims hand ei rekkje stader, mellom anna på sjukehuset, hotella, kjøpesenter og i byens kulturhus. Lotteri- og stiftelsestilsynet har også bilete av Torsheim i sine lokale, til liks med andre lokale kunstnarar.

Oddvar Torsheim (født 1938) har si kunstfaglege utdanning frå Bergen Kunst- og håndverksskole og Grafisk Skole, Kunstakademiet i København. I København var han i seks år, men sidan tidleg på 1970-talet har han hatt bustad i Førde.

Også Torsheims kunstnarlege utvikling er skildra i Katrine Sele si bok: Her kan vi lese at han på syttitalet var oppteken av dei store samfunnsspørsmåla som oljeindustri,



*Katten i sekken*

kapitalisme, u-hjelp og kvinnesak, men at han no fokuserer meir på at menneska er opptekne av meir trivielle bekymringar. Mellom anna om appelsinhud. Samstundes syner han i fleire bilete ei feiring av dei enkle gledene i livet.


Oddvar Torsheim er også godt kjend utanfor fylket. Han har hatt ei rekkje utstillingar i inn- og utland, og kunsten hans er innkjøpt av fleire nasjonale kulturinstitusjonar. I fjor hadde NRK eit portrettprogram om han i TV-serien «På skråplanet».

I ein platekritikk om Torsheims CD «Tur-retur Blues», vart han omtalt som ein umåteleg sjølvironisk eksentrisk kunstnar med sin eigen karakteristiske strek, med ein strek han neppe vil oppleve at nokon kjem til å plagiere. Når det gjaldt musikken skreiv kritikaren at musikken anten vart slukt med hud og hår, eller lagd vekk som eit døme på sære utslag av kunstnarisk fridom (Dag og Tid, april 2000).

Alle kunstverk i denne årsmeldinga © Oddvar Torsheim / BONO 2007.



*Disco-Lars med laurdagsfeber*



*Navleskodar i halvliter*

[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)



**Lotteri- og  
stiftelsestilsynet**

Postboks 800 • 6805 Førde  
Telefon 57 82 80 00 • Telefax 57 82 80 80  
[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)